

Radøy Skyttarlag,  
Øystein Dalland,  
Vardane 21,  
5911 Alversund.

Manger den 20 okt 2018

Radøy kommune,  
Radøyvegen 1690,  
5936 Manger.

## Driftsplan for stokkedalen skyteanlegg

Planane for skytebanen er at den skal verta eit aktivitetsanlegg for DFS-skyting, sportsskyting, jaktskyting og friluftsliv. Bygging og drift av anlegget er eit samarbeid mellom Radøy Skyttarlag, Radøy Sportsskyttarlag og Nordhordland jakt og fiskelag.

Radøy kommune har gjeve Stokkedalen Skyteanlegg idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Anlegget er med i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet og står på andre plass på prioriteringslista.

### **1: Bruksplan; Tiltaket vil gje følgjande aktivitetar:**

Kurs og praktiske aktivitetar for å auka kunnskapen om sikker våpenhandtering.  
Teori og praksis for å auka skyteferdigheiter.  
Gjennom trening og konkurransar auka interessa for skyting som konkurransesport.  
Møteplass for kunnskapsformidling om viltforvaltning og vilt.  
Gje grobotn for betre organisering av jakt.  
Arena for rekruttering av nye jegrar.  
Teori og praksis for å auka kunnskapen om sikker og human jakt.  
I kvardagen vil det arrangerast skytetrening tre dagar pr uke, og stevner i helgene.  
Ungdomsskyting to dagar i veka, og skyting for senior også to dagar i veka.

### **2: Driftsansvar for anlegget:**

Ansvaret for drifta av anlegget er knytt opp mot dei forskjellige aktivitetane og blir utført på dugnad.  
Ungdomsskyting og seniorskyting 2 dagar i veka.  
Øvingsskyting for jegere 3 dagar i veka.  
Skyteprøve til storvilt arrangeres samtidig med øvingsskyting for jegere.

Alle dei faste skytedagane har egne vaktlister som er slått opp på skyttarhuset/brakkka foran sesongen.

Skyttestemner som arrangeres gjennom sesongen har egne komiteer.

Skytingens dag, som er eit ope arrangement der alle kan komme og prøve skyting, er eit fast arrangement. Det samme er 1. mai skyting og lagsmeisterskap.

### **3. Arbeidsvilkår og arbeidsoppgaver. Administrasjon og vedlikehold av anlegget.**

Arbeidet utførast på dugnad. Av faste oppgåver kan nevast:

Standplassledelse: Standplassleder gir beskjed om skytingen - antall skudd på målet og skytetider, visiterer gevær etter endt skyting før skyttere forlater sine standplasser.

Standplassleder 2: Bistår med visitasjon av gevær, og rettleiding av skyttere - spesielt på ungdomsskyting. Skriver inn poengsummer for hver enkelt skytter, eller laster disse inn på PC

Sekretariat: Skriver inn skyttere, og deler inn i lag. Fører inn poengsummer for hver enkelt skytter i lagets cup-liste.

### **4. Driftsbudsjett for anlegget på årsbasis.**

#### **Inntekter**

Treningsavgift	17500,-
Avgift storviltprøve	17500,-
Salg ammunisjon	7500,-
Kommunale vedlikeholdsmidler	25000,-
Kulturmidler	12500,-
Statlig tilskudd (LAM)	<u>10000,-</u>
Sum inntekter	<u>90000,-</u>

#### **Utgifter**

Strøm (agregat)	17500,-
Vedlikehold skiver	25000,-
Vedlikehold kulefang	7500,-
Forsikring	7500,-
Vedlikehold veier /parkering/hus	15000,-
Uforutsette utgifter	<u>10000,-</u>
Sum inntekter	<u>82500,-</u>

<b><u>Overskudd</u></b>	<u>7500,-</u>
-------------------------	---------------

### **5. Kapitalkostnader.**

Laget har ikkje lån, og planlegg heller ikkje å ta opp lån. Finansiering av anleggene skal skje med tilskott, sponing og dugnad.

Anlegget vil seinare bli utbygd også med 50m riflebane med 10 standplasser, 50m miniatyr viltmålbane med to standplasser i samme bygg, lerduebane med jegertrap, kompakt sportingbane for lerdue, permanent løype for jaktfeltskyting med fleksible standplasser og en bane for løpende elg med to bevegelige og to faste mål. Det vil bli etappevis utbygging etterkvart som finansiering av dei forskjellige byggetrinna fell på plass. Det vil igjen gje auka tilbod og aktivitetar.